



**Martabu har hatt ein ny god dag. Vertinne Jane kunne melde om 20 selde steinomnsbaka brød lengje før stengjetid i tillegg til anna fristande bakverk. Også denne dagen kunne Marit Langballe frista med blåbærpai og i tillegg rabarbrapai og som sist var Skorpoblåbæra høgt i kurs.**

Eit anna produkt som vertinna har etterlyst men som no er på plass er smykker og det har ein produsent med aner i Uskedalen æra for. Det er Kristlaug Bjørke i Rosendal, som særleg imponerer med ein kolleksjon av brosjar i porselen.

Jane kunne ellers melde om svært godt sal allereie tidleg på ettermiddagen. OL på TV øydela på ingen måte for Martabu som har skikkeleg vind i segla også i denne sesongen og får eit betre utval av produkt for kvar helg.

Her er det pai under og porselenbrosjar over!

Foto: Ola Matti Mathisen

